

Hallo i nedslagsfeltet!

No er det berre ei veke igjen til sesongstart og vår fyrste kampen er på heimebane mot Høyang. Har diverre vore dårleg med treningskampar i løpet av vinteren, så blir nesten litt uvant å spele saman på ei stor 11'er-bane. Men kjekt blir det uansett!


Einaste treningskampen vi har hatt vart spela rett før påskeferien mot Arna-Bjørnar 2. Det var tap 4-3 i ein jamn kamp som var prega av mange feilpasningar. Vi bar i allefall preg av å ikkje ha fått nok spel på stor bane. Elles så mangla vi keeper denne kampen, sidan einaste keeperen vår braut ein finger på trening, og ho misser også dei tre fyrste kampene i serien.

Eg fekk spele nesten heile treningskampen, om lag 85min, som høgreback. Dette er ikkje favorittposisjonen (midtstoppar), men får berre venne meg til slike utfordringar sidan trenaren gjerne vil nytte meg lengre framover på bana. Følte likevell at kampen gjekk ganske greitt for min del, sjølv om eg ikkje var mykje involvert i 2.omg då Arna-Bjørnar 2 berre angreip med si høgreside.

Så det er noko uvisst kva posisjon eg får spele i framover, og kor mykje speletid også sjølv sagt. Vanlegvis er nokre av A-lagsspelarane med på våre seriekampar slik at dei som har minst speletid i Toppserien får nok kamptrening med oss. Heilt klart ein fordel for vårt lag å få inn litt rutine, sidan gjennomsnittsalderen nok er rundt 17år. Men dermed blir det også hardare kamp om plassane i startoppstillinga.

Vi har også trappa litt ned på det hardkøyret vi hadde på treningsfronten gjennom vinteren i håp om å byggje opp litt overskot til sesongen. Har no 4 fotballøktar i veka + skal enten ha ei futsaløkt eller bootcamp på tysdagar då juniorlaget spelar kamp.

Denne helga har Sandviken arrangert Lerøy jentecup og i den anledning har alle på laget måtte bidra med dugnadshjelp. Laurdag stod eg i kiosk 4timar; ein dugnadsjobb som passa godt for ein fattig student som kunne forsyne seg så grovt ein ville av dei «mislukka» vaflane og ihjelkokte pølser. Cupen vart forresten vunnen av vårt juniorlag etter ein jamnspelt kamp som måtte avgjerast på straffespark.



I påskeferien som var, var eg sjølvsagt heime i Velledalen. Vêret var strålande og eg fekk også kopl litt av frå studiane. Gjekk mykje på ski både på fjellet og inn til Sætreelva i Holemarka, og deltok også i det Store Folkerenet som idrettslaget arrangerte langfredag. No dei siste åra har trenda med toptura berre blitt meir og meir populært, men eg må seie eg trivst best på langrennsski. Mitt svar på ein toptur var å kave seg opp Myrdalen på glatte ski og vidare oppover i lausnøven over Heggjene. Ein fin tur oppover, men med mine skiferdigheiter i nedoverbakkar vart det mange fall – spesielt ned frå Myrdalen der det var ordentleg hard skare!



Som nemnt startar sesongen om ei veke, og då må alt utstyr ver i topp stand. Så i den anledning har eg kjøpt nye fotballsko! Vonar mine snille foreldre vil bidra med litt økonomisk støtte! 😊 😊 😊

*Nike Tiempo Legend IV*



Elles så vil eg minne om at det er mindre enn ein månad til **Konradløpet**. Meld deg på og spreie ordet! Det er heller ikkje for seint å byggje opp ein liten formtopp til løpet om du ynskjer det. *For dokke som er på facebook, bli med på hendinga og inviter gjerne dine vener:*

<http://www.facebook.com/events/232532950220494/?fref=ts>

Mi personlege form i skrivande stund er på ein skala frå 1-10 vurdert til: 7.2